



05.05.2021

## **Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Hemsedal kommune**



Vedteke: 05.05.2021 i K.sak 36/21

## 1. Bakgrunn og mål

Etikk handlar om grunnleggjande normer for korleis vi opptrer i ulike samanhengar.

Kommunen er avhengig av godt omdømme og tillit frå omverda, både frå innbyggjarar, andre offentlege og private interessentar, media og andre. Å opptre etisk er grunnleggjande for å oppretthalde tillit og truverde.

Det finst ofte ikkje noko eintydig fasitsvar på kva som er etisk rett. Det vil alltid vere eit personleg ansvar for den enkelte å opptre etisk forsvarleg

Målsetjinga for retningslinjene er å fastsetje nokre prinsipp og rettesnorer for å utøve skjønn. Dei etiske retningslinjene har som mål å sikre ein god praksis og definere felles standardar for folkevalde og tilsette i Hemsedal kommune.

Kommunen, folkevalde og tilsette har fleire roller i lokalsamfunnet, samfunnsutviklar, ombod, tenesteutøvar, myndeutøvar, arbeidsgjevar og eigar. Dei forskjellige rollene stiller store krav til rolleforståing og etisk medvit.

Dei etiske retningslinjene skal spegle kommunen sine verdiar; **Fellesskap, Likeverd, Respekt, Mot og Realisering.** Gode, tydelege rammevilkår og prosedyrar vil setje ein standard for korleis vi gjennomfører oppgåvene våre på ein måte som gjer at innbyggjarane kan ha tillit til oss.

1. Generelt	<p>Alle tilsette skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Følgje lovar, reglar, interne retningslinjene og politiske vedtak.</li><li>• Opptre på en måte som gjev positivt omdømme og fremjar tillit i befolkninga</li><li>• Arbeide for å nå avdelinga og kommunen sine mål.</li><li>• Nyte dei etiske retningslinjene aktivt gjennom refleksjon og drøfting.</li></ul> <p>Hemsedal kommune skal vere ein nyskapande og open organisasjon, der tilsette gjennom opne prosessar skal medverke og utvikle kvalitative gode tenester. Det skal vere stort rom for diskusjon før vedtak blir fatta. Når vedtak er fatta skal dei lojalt fylgjast opp. Lojalitetsplikta gjeld ikkje dersom den tilsette vert pålagd å gjere noko ulovleg eller uetisk.</p>
2. Kvalitetsbevisst i møte med brukarane	<p>Dei tilsette skal vere profesjonelle i utøving av arbeidet sitt. Dei skal kjenne til og opptre i samsvar med lover og reglar som regulerer arbeidsområdet deira.</p> <p>Personlege synspunkt og preferansar skal ikkje styre avgjerder, tilrådingar eller utgreiing av saker.</p>

	<p>Politiske avgjelder skal avvege ulike interesser som samfunnsmotiv, rettstryggleik og partsinteresse. Likeverdig handsaming og forsvarleg utgreiing av sakene skal leggast til grunn.</p> <p>Både tilsette og folkevalde må vere bevisste på at personell, økonomi, kompetanse med meir, set grenser. Dei må ikkje gi lovnader som er uråd å innfri innanfor tilgjengelege ressursar.</p>
3. Leiaransvar	<p>Leiarane skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppre fornuftig, føreseieleg og sakleg.</li> <li>• Bygge ein organisasjonskultur basert på openheit som tek vare på kommunen sitt verdigrunnlag og etiske reglar.</li> <li>• Sjå til at retningslinjene vert følgd, og ved brot, reagere på desse.</li> </ul>
4. Personlig ansvar	<p>Alle tilsette og folkevalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har eit personleg og sjølvstendig ansvar for å følge dei etiske retningslinjene.</li> <li>• Skal, om ein er i tvil, drøfte problemstillinga med nærmaste leiar.</li> <li>• Skal nekte å følge pålegg som er ulovlege eller medfører brot på dei etiske reglane.</li> <li>• Kan risikere konsekvensar i forhold til arbeidsforholdet ved brot på dei etiske retningslinjer. Brot på etiske retningslinjer kan føre til tenestlege reaksjonar dersom handlingar er av ein slik art at dei medfører tiltak etter arbeidsmiljølova og arbeidsreglement, samt eventuelt påtale og straffreaksjonar etter straffeloven.</li> </ul>
5. Tillit og openheit	<p>Hemsedal kommune skal være ein transparent organisasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innbyggjarar og andre som vender seg til kommunen, skal bli møtt med ei open og positiv grunnhaldning.</li> <li>• Vi skal gje offentlegheita innsyn i den kommunale forvaltning og skal praktisere meir-offentlegheit i den grad det er mogleg.</li> <li>• Vi skal alltid gje korrekte og tilstrekkelege opplysningar til innbyggjarar, organisasjonar, selskap og andre myndigheter.</li> <li>• Alle som vert omfatta av eit vedtak skal få ei grunngjeving for vedtaket om dei ønskjer det</li> </ul>
6. Gåver og andre fordelar	<p>Tilsette og folkevalde i kommunen må ikkje ta imot gåver, provisjonar, rabattar, tenester eller andre ytingar som er av ein slik art at det kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing, kontraktsinngåing eller vedtak. Dette omfattar også gunstige vilkår knytt til reiser og opphold. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, som reklamemateriell, blomar, konfekt eller liknande.</p> <p>Ved tilbod om gåver og liknande som har eit omfang som går ut over kommunen sine retningslinjer, takkar ein høfleg nei. Tilsendte gåver vert returnert. Er ein i tvil – kan ein ta det opp med ordførar/kommunedirektør.</p>

	<p>Sjå eigen forskrift: <i>Forskrift om begrensninger i helsepersonells adgang til å motta give, provisjon, tjeneste eller annen ytelse</i></p>
7. Forretningsmessige reglar	<p>Alle tilsette</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er ansvarlege for at kommunen sin forretningsmessige verksemd blir drive på ein slik måte at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til kommunen.</li> <li>• Skal etterleve lov om offentleg anskaffing og skal basere alle anskaffingar på god forretningskikk; - vere føreseielege, gjennomsiktige, etterprøvbare og behandla alle likt.</li> <li>• Skal kun nytte kommunen sine eigedelar i tenesterelatert virksomhet - evt. skal det utarbeidast eigen avtale.</li> </ul> <p>Ingen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan levere varer og tenester til den verksemda ein sjølv er tilsett i.</li> <li>• Skal bruke kommunen si innkjøpsavtale eller rabattordning til privat bruk.</li> </ul>
8. Bistilling, verv og oppdrag	<p>Tilsette og folkevalde kan ikkje ta på seg verv eller oppdrag som er i strid med kommunen sine interesser, eller som er eigna til å svekke tilliten til upartisk sakshandsaming. Ved tvil skal tilsette ta saka opp med leiar, folkevalde med ordførar.</p> <p>Det skal vere ope innsyn i kva verv tilsette og folkevalde har i styre, råd og utval utanfor kommunen Dette bør meldast inn i KS sitt Styrevervregister.</p> <p>Tilsette kan ikkje inneha bistilling som går ut over arbeidet i den kommunale stillinga, dersom kommunen er hovudarbeidsgivar.</p>
9. Habilitet	<p>Alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Som skal utøve mynde eller fatte vedtak er bunden av forvaltningslova sine habilitetsreglar.</li> <li>• Har ei sjølvstendig plikt til å si frå om inhabilitet, eller tvil om inhabilitet, slik at vedkommande kan fritakast frå vidare handsaming av saka.</li> </ul>
10. Kritikkverdige forhold og varsling	<p>Alle tilsette har eit ansvar for å ta opp kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Dette skal først gjerast tenesteveg, eventuelt meldast som avvik. Dersom slik intern melding ikkje fører fram, kan den tilsette varsle etter § 2-4 i arbeidsmiljølova. Varsling må ikkje forvekslast med normal tenesteleg kommunikasjon og avviksrapportering.</p> <p>Kommunen har utarbeidd eigen prosedyre for dette. Sjå HMS handboka: <i>Varslingsrutine ved kritikkverdige forhold i Hemsedal kommune</i></p>

11.Ytringsfridom	<p>Alle har full individuell ytringsfridom, og kan uttale seg fritt i media som privatperson. Di meir leiande stilling/verv den tilsette/folkevalde har, di meir vert vedkommande oppfatta som representant for kommunen. Dersom ein leiar vil komme med kritiske ytringar om eit kommunalt vedtak, bør vedkommande først rådføre seg med og informere sin overordna.</p> <p>Ytringsfridomen blir i nokre tilfelle avgrensa av andre lover.</p>
12.Tieplikt	<p>Alle tilsette, oppdragstakrar og folkevalde er underlagt tieplikt etter forvaltningslova § 13. Enkelte stillingar har i tillegg ein utvida tieplikt etter særlovgivning for sitt fag. Alle tilsette, uavhengig av type teneste, er forventa å gjere seg kjent med kva reglar som gjeld for eigen jobb.</p> <p>Naudsynt kommunikasjon av sensitive opplysningar må ikkje skje på ein slik måte at uvedkomande kan få innsyn. Skal praktiserast etter prinsippet om "behov for å vite".</p>
13.Sosiale media	<p>Ved bruk av sosiale media – tenk over di rolle og din posisjon i verksemda. Det er viktig å reflektere over skiljet mellom private ytringar og di profesjonelle rolle i kommunen.</p> <p>Tenk gjennom konsekvensane for deg, for andre og for Hemsedal kommune før du publiserer noko på sosiale media.</p> <p>Du kan ikkje publisere andre folk sitt materiale (f.eks. bilde) utan løyve. Respekter opphavsrett og åndsverk.</p>
14.Alkohol og andre rusmidlar	<p>Ingen:</p> <p>Skal kome rusa eller påverka på jobb.</p> <p>Skal innta alkohol eller andre rusmidlar i løpet av arbeidstida.</p> <p>Alle:</p> <p>Skal vere måtehalden i forhold til alkoholinntak når dei representerer kommunen på tenestereiser og deltek på kurs eller konferansar.</p>
15.Avvik frå dei etiske retningslinjene	<p>Tilsette skal melde frå om avvik gjennom avvikssystemet.</p> <p>Folkevalde skal melde frå om avvik til ordførar eller varaordførar.</p>